



# SELJE KOMMUNE

## Driftsutvalet

### Møtebok

**Møtedato:** 09.06.2011

**Møtetid:** Kl. 13:30 – 19:10

**Møtested:** Furebuda

**Saksnr.:** 028/11 - 036/11

---

#### **Følgjande medlemmer møtte**

SP: Gunn Sande. FRP: Svein Hansen. Frittst. pol.: Kjell-Magnar Flølo. H: Gry O. Leikanger, Uavh.gr.:Terje Ødegård. KRF: Per Stave.

---

#### **Følgjande medlemmer møtte ikkje**

Uavh.gr.: Tove Husabø. Forfall til møtet var meldt.

---

#### **Følgjande varamedlemmer møtte**

Uavh.gr.: Vivian Nygård Sætren

---

#### **Følgjande frå administrasjonen møtte**

Leiar Plan og Utvikling Stein Inge Refvik, som og førte møteboka.

---

#### **Merknad til innkallinga**

Ingen

---

#### **Merknad til saklista**

Ingen

Driftsutvalet vedtok å handsame ekstra sak – 036/11 Førespurnad om leige av næringsareal

7 voterande

I forkant av møtet var partar i sak 035/11 inviterte for orientering.  
Honningsvåg Maskin v/ Jarle Honningsvåg møtte.

Merknad:

Driftsutvalet ber om at det til møta vert lagt ved linjerte ark for føring av framlegg.

## **Følgjande saker vart handsama**

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
028/11	Godkjenning av møtebok
029/11	Delegasjonssaker
030/11	Referatsaker
031/11	Gbnr. 21/21 - Naust - Reidulf Ervik
032/11	SMIL 2011 - Handsaming av søknadar
033/11	Jaktvald for hjort - Teigen - Kjøde Lille / Eide - Berstad
034/11	Hjortejakt 2011 - løyver og fellingsavgift.
035/11	Førespurnad om kjøp av kommunalt område på Nedre Sjøstad industriområde - Sjøstad Eiendom AS
036/11	Førespurnad om leige av næringsareal

**Tilleggsaker:** Sak 036/11.

**Utskrift protokoll:** Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

**Utskrift møtebok:** Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

**Signatur:** \_\_\_\_\_



# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Driftsutvalet	09.06.2011	028/11

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 11/589
---	----------------------	-----------------------------

## Godkjenning av møtebok

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 23.05.11 vert godkjent slik den ligg føre.

### **Handsaming i Driftsutvalet - 09.06.2011**

7 voterande.

### **KU-028/11 VEDTAK**

Møteboka frå møte 23.05.11 vert godkjent slik den ligg føre.  
Samrøystes.



## SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Driftsutvalet	09.06.2011	029/11

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 11/587
---	----------------------	-----------------------------

### Delegasjonssaker

**DKU. 042/11: Gbnr. 56/266 og 59/54 - Buivest AS - Utsleppsløyve**

**DKU. 043/11: Gbnr. 58/68 - Forlenging av tak over altan - Helge D. Hamre**

**DKU. 044/11: Skadefelling rev 2011 - Sigmund Rønning**

**DKU. 045/11: Gbnr. 25/5 - Byggsak - vei til naust - Kjell Ervik**

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

### **Handsaming i Driftsutvalet - 09.06.2011**

#### KU-029/11 VEDTAK

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.  
Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Driftsutvalet	09.06.2011	030/11

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 11/588
---	----------------------	-----------------------------

## Referatsaker

### Refererte skriv og meldingar:

Ingen referat ligg føre før møtet.

### Tilleggsreferat:

### Handsaming i Driftsutvalet - 09.06.2011

7 voterande.

### Tilleggsreferat:

1. Brev frå fleirtalet i Selje FAU , dat 30.05.11 til Driftsutvalet vedk. spørsmål om evaluering av skulane i Selje kommune.

### KU-030/11 VEDTAK

1.Driftsutvalet ber om at det vert kalla inn til avklaring-/dialogmøte 20.06.11, på kommunehuset: Driftsutvalet og FAU: kl. 15.30 – 16.30.

Kommunalsjef Oppvekst, Rektor og inspektør Selje kl. 17.00 – 18.00.

Servicekontoret kallar inn.

Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	09.06.2011	031/11

Sakshandsamar Stein Inge Refvik	Arkiv GBNR-21/21	Arkivsak 11/514
------------------------------------	---------------------	--------------------

## Gbnr. 21/21 - Naust - Reidulf Ervik

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	10.05.2011	Reidulf Ervik	Viser til Winsak 06/00300
5	U	11.05.2011	Reidulf Ervik	Gbnr. 21/21 - Naust - Reidulf Ervik - forspørsel og varsel om synfaring
6	I	29.05.2011	Reidulf Ervik	Forespørsel og varsel om synfaring

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
30.05.2011	Teikningar	26350
11.05.2011	Melding om vedtak	26348
11.05.2011	Svar på melding om vedtak	26349
11.05.2011	Gbnr. 21/21 - Naust - Reidulf Ervik - spørsmål vedr. saka	26363
30.05.2011	Forespørsel og varsel om synfaring	26817
30.05.2011	Teikning og bilder	26819
30.05.2011	Melding om tiltak 2006	26818

### Saka gjeld

Reidulf Ervik held på å bygge uthus- naust på gbnr 21/21, Sande på Stadlandet. Bygningen som vert sett opp har endringar i fasaden i høve teikningar som låg ved melding om tiltak.

### Opplysningar til saka

Reidulf Ervik sendte 12.05.2006 melding om tiltak – bygging av uthus – naust.

I DS 111/06, delegasjon formannskapet, datert 10.01.2007, er det gjort m.a. følgjande vedtak:  
*Selje kommune har ikkje merknadar til meldinga slik den ligg føre. Bygningen må oppførast etter stadbunden byggeskikk og fargevalg.*

Sakshandsamar har vore i konatakt med Reidulf Ervik vedrørende bygningen både pr telefon og i brevs form. Med bakgrunn i forspørselen har Ervik gjort greie for følgende:  
Byggeløyve vart gjeve i 2006.  
Oppstart grunnarbeid og ringmur i 2009.  
Reising av bygget starta februar 2011.

Når det gjeld fasadeendring er det bygd framtak over portane, valgt leddportar i staden for treportar og plassering av vindauge på sida av huset er noko endra.

I samband med utgreiing av naustbygningen er det og orientert om planer for tilflot for mindre båt. Orientering frå Ervik om fylling i strandsonen ligg og ved saka.

Utgreiinga frå Reidulf Ervik vedr byggesaka vart referert i driftsutvalet 23.05.2011. Utvalet ynskte då synfaring på staden, og at saka vart utgreidd.

### **Lover/regelverk**

Plan og bygningsloven med forskrifter.

### **Sakshandsamar si vurdering**

I 2006 vart det gjeve løyve til å oppføre naustet som vart meldt, utan dispensasjon frå planføremaal eller byggeforbod i 100m-beltet, sidan området i kommuneplanen sin arealdel er lagt ut til naust. I vedtaket er det presisert at bygningen må først opp etter stadbunden byggeskikk.

Den bygningen som no vert oppført er ikkje i samsvar med innleverte teikningar. I utgangspunktet er eit lite takframbygg og leddportar i staden for treportar kanskje mindre endringar, men i dette tilfellet endrar det bygningen sin karakter vekk frå naust og mot ein bygning ein oppfatar som bilgarasje. I høve til byggeskikk til naust avviker dette i betydeleg grad.

### **Konklusjon**

For at tiltaket skal verte i samsvar med melding og vedtak gjort i 2006 må frambygd tak over portar samt porttypen endrast i samsvar med innleverte teikningar.

### **Saksgang**

Driftsutvalet avgjer saka. Vedtaket kan klagast på av den som er part i saka innan 3 veker etter at vedtaket er kome fram til parten.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Selje kommune viser til melding om tiltak uthus – naust, datert 12.05.2006 med vedlegg, og krev at bygningen vert oppført i samsvar med teikningane.

### **Handsaming i Driftsutvalet - 09.06.2011**

7 voterande.

Kartutskrift M 1:1000, dat. 08.06.11 vart delt ut i møtet.

**Framlegg frå H, Krf, Frp, Uavh. gr., Frittst. pol.:**

Reidulf Ervik må inntil vidare avklaring stoppe bygginga. Søknad som tilsvarar påbegynt bygg må sendast til Selje kommune snarast for ny handsaming.

Avrøysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 1 røyst.

Framlegg frå H, Krf, Frp, Uavh. gr., Frittst. pol. fekk 6 røyster.

**Framlegg frå Driftsutvalet:**

Tilleggspunkt:

Søkjjar vert gjort oppmerksom på søknadsplikt gjeld for fylling i sjø/fjære og planlagde tiltak vidare.

Avrøysting:

Framlegg frå Driftsutvalet vart samrøystes vedteke.

**KU-031/11 VEDTAK**

Reidulf Ervik må inntil vidare avklaring stoppe bygginga. Søknad som tilsvarar påbegynt bygg må sendast til Selje kommune snarast for ny handsaming.

Søkjjar vert gjort oppmerksom på søknadsplikt gjeld for fylling i sjø/fjære og planlagde tiltak vidare.

Utskrift til:

Reidulf Ervik





# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	09.06.2011	032/11

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Kristian Nave	FA-V18	11/553

## SMIL 2011 - Handsaming av søknadar

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	X	26.05.2011		Kulturlandskapsgruppa - møte 26.05.2011

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
31.05.2011	SMIL 2011. Søknader og løyvingar. Vedlegg i arkivsak 11-553.pdf	26873

### Saka gjeld

Tildeling av SMIL-midlar for 2011 etter søknadsfristen som var sett til 5. april 2011.

### Opplysningar til saka

Det er i år kome inn 16 søknader til handsaming i den ordinære SMIL-ordninga. Ramma for tildeling i denne saka er kr. 300.000,- .

I tillegg er det handsama 8 søknader innafor Utvalde Kulturlandskap.

Alle søknadane vert handsama i ei sak ved hjelp av ein tabell og det vert sett generelle og spesielle vilkår til kvar søknad i denne saka. Tabellen med definisjonar og krav vert ein del av vedtaket.

I handsaminga av søknadane ser ein føre seg først ei generell handsaming utifrå tabellen og vilkåra. Dersom det oppstår ugildskap for medlemmer i driftsutvalet ved handsaming av enkeltsøknader, må dei søknadane handsamast særskild.

Dersom det vert endringar i løyvingane i høve til framlegget, er det aktuelt å justere tabellen til slutt.

## **Lover/regelverk**

Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket av 4. februar 2004.  
Statens Landbruksforvaltning, Rundskriv 07 / 2005.  
Selje Kommune, KU 112/08 og KS 071/08.  
Årlege retningslinjer utarbeida av kulturlandskapsgruppa.  
Forvaltningslova av 10-02-1967.

## **Finansiering**

Tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket. (SMIL)

## **Sakshandsamar si vurdering**

8 søknader er allereie handsama innafør ekstraramme for Utvalde kulturlandskap. Det er etter måten godt med midlar til dei 16 søknadane som er til handsaming no. To søknader må avslåast fordi dei ikkje kjem innafør ordninga.

Her kjem kommentarar til dei søknadane som treng nærmare omtale:

Søknad nr. 1: Eldre driftsbygg. Eigarane har nyleg kjøpt bruket. Det har ikkje vore i drift på lang tid. Sjå elles generelle vilkår.

Søknad nr. 2: Avslag. Prosjektet fell ikkje inn under ordninga.

Søknad nr. 3: Fast sum.

Søknad nr. 8: I dette prosjektet må ein vere spesielt merksam på vassressurslova og at ev. avtaler med eller pålegg frå NVE vert overhaldne. Sjå elles avsnittet om "Forholdet til anna regelverk"

Søknad nr. 9: Sperregjerdet innkorta noko i høve søknad.

Søknad nr. 10: Fast sum.

Søknad nr. 11: Fast sum for to bygningar.

Søknad nr. 15: Avslag. Prosjektet fell ikkje inn under ordninga.

## **Konklusjon**

14 søknaden vert imøtekomne med eit løyving på til saman kr. 297.000,-.

2 søknader er avslegne fordi dei ikkje stettar krava i forskrift eller kan prioriterast utifrå dei strategiar som er vedtekne for ordninga.

Søknadane er handsama utifrå forskrifter, strategiar, totalramme for ordninga i 2011 og mengda av godkjende søknader som er komne inn.

## **Forholdet til anna regelverk:**

Løyving av tilskot fører ikkje til at tiltaket er godkjent ut i frå anna regelverk enn SMIL – forskrifta. Før arbeidet vert starta opp, er det viktig at den som har ansvaret for prosjektet, gjer seg kjent med aktuelle lover og forskrifter for området. Dette kan til eksempel vere gjerdelova, beitelova, plan- og bygningslova, kulturminnelova og naturvernlova, naturmangfaldlova og vassressurslova.

## **Utbetaling:**

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane betalar ut tilskotet etter at utbetalinga er godkjent av Selje kommune. Det må ligge føre skriftleg melding frå søkjar, og vilkåra for å ta imot tilskotet må vere følgde opp.

Tilskot kan betalast ut når tiltaket er gjennomført. For tilskot over kr 10.000 kan det gjerast delutbetaling etter kvart som tiltaket blir gjennomført. Minst 25% av tilskotet vert halde tilbake til

heile arbeidet er fullført, og det ligg føre ferdigattest og endeleg rekneskap godkjent av Selje kommune.

### **Kontroll:**

Selje kommune skal følge opp og føre kontroll med dei tiltaka som får tildelt tilskot. Den som har teke imot tilskot må gje dei opplysningane det vert sett fram krav om, for at kommunen, Fylkesmannen, Statens Landbruksforvaltning eller Riksrevisjonen skal kunne føre naudsynt kontroll med at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane.

### **Tilbakebetaling og motrekning:**

Vedtak om tildeling av tilskot kan gjerast om og utbetalt tilskot kan krevjast betalt tilbake heilt eller delvis, dersom det vert oppdaga forhold som er i strid med det som var føresetnaden for løyvinga.

### **Arbeidsfristar:**

Eingongstiltak skal vere gjennomført innan 09.06.2014.

### **Saksgang**

Saka stoppar i Driftsutvalet.

### **Klage:**

Vedtak etter SMIL- forskriftene har klagerett etter Forvaltningslova av 10. februar 1967. Klagefristen er 3 veker frå melding om avgjerda er komen fram.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er klageinstans og klaga skal sendast om Selje kommune.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

14 søknader vert stetta med eit tilskot på tilsaman kr. 297.000,-

2 søknader vert avslegne.

Fordeling av løyvingane går fram av tabellen: **SMIL 2011. Søknader og løyvingar** som ligg ved. Denne tabellen med definisjonar og krav er ein del av vedtaket i saka.

### **Handsaming i Driftsutvalet - 09.06.2011**

7 voterande.

### **Framlegg frå Driftsutvalet:**

Som tilrådinga med fylgjande endring:

Søknad nr. 11/343 - Anne L. Stenberg: Endra til fjerning i staden for kvisting.

Søknad nr. 11/383 – Jan Ove Hoddevik: Endra til fjerning i staden for rydding.

Avrøysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 0 røyster.

Framlegg frå Driftsutvalet fekk 7 røyster.

Samrøystes.

**KU-032/11 VEDTAK**

14 søknader vert stetta med eit tilskot på tilsaman kr. 297.000,-

2 søknader vert avslegne.

Fordeling av løyvingane går fram av tabellen: **SMIL 2011. Søknader og løyvingar** som ligg ved. Denne tabellen med definisjonar og krav er ein del av vedtaket i saka.

Søknad nr. 11/343 - Anne L. Stenberg: Endra til fjerning i staden for kvisting.

Søknad nr. 11/383 – Jan Ove Hoddevik: Endra til fjerning i staden for rydding.

Samrøystes.

Utskrift til:

Søkjarane

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Landbruksavd.

Vedtak sendast m/vedlagt tabell



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	09.06.2011	033/11

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Stein Inge Refvik	FA-K46	07/362

## Jaktvald for hjort - Teigen - Kjøde Lille / Eide - Berstad

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
7	S	12.06.2008		Godkjenning av jaktvald, endra grenser - Teigen Kjøde Lille
11	I	28.04.2011	scan@selje.kommune.no,	Rettsbok
10	I	28.04.2011	scan@selje.kommune.no,	Kart jordskiftesak
9	I	04.05.2011	Alf Teigen	Søknad om godkjenning av vald/ending

### Vedlegg i saka

### Saka gjeld

Teigen Kjøde Lille jaktvald søker om godkjenning av valdet med endra grenser.

### Opplysningar til saka

Ved valdrevisjon for jaktvalda i Selje på 1990-talet, vart det sendt søknadar frå Teigen – Kjøde Lille, og Eide - Berstad, som overlappa kvarandre med om lag 1000 da. Seinare har det vore ulike midlertidige løysingar som har gjeve ulike teljande areal til desse jaktvalda.

I følgje kart og rettsbok for grensegang etter jordskiftelova § 88, som ligg ved søknaden, er grensene mellom Teigen – Kjøde Lille og Eide – Berstad jaktvald avklara.

### Lover/regelverk

Viltlova med forskrifter

### Sakshandsamar si vurdering

Tidlegare overlappende areal, som ikkje har vore godkjend del av noko vald, kan no verte del av teljande areal i jaktvaldene.

Areala til valda er oppmålt på digitalt kart.

### **Konklusjon**

Teigen - Kjøde Lille jaktvald vert godkjent med teljande areal på 2400 da..

Eide - Berstad jaktvald vert justert til teljande areal på 7050 da.

### **Saksgang**

Driftsutvalet gjer vedtak i saka. Vedtaket kan påklagast av den som er part i saka innan 3 veker etter at vedtaket er kjent for parten/ane.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Teigen - Kjøde Lille jaktvald vert godkjent med teljande areal på 2400 da..

Eide - Berstad jaktvald vert justert til teljande areal på 7050 da.

### **Handsaming i Driftsutvalet - 09.06.2011**

7 voterande.

Avrøysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster.

Samrøystes

### **KU-033/11 VEDTAK**

Teigen - Kjøde Lille jaktvald vert godkjent med teljande areal på 2400 da..

Eide - Berstad jaktvald vert justert til teljande areal på 7050 da.

Samrøystes.

Utskrift til:

Jaktvald Teigen-Kjøde Lille

Jaktvald Eide-Berstad



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	09.06.2011	034/11

Sakshandsamar Stein Inge Refvik	Arkiv FA-K46	Arkivsak 11/83
------------------------------------	-----------------	-------------------

## Hjortejakt 2011 - løyver og fellingsavgift.

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	I	12.05.2011	Dir. for naturforvaltning	Forskrift om komm. viltfond og fellingsavgift

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
31.05.2011	Scan.PDF	26901
31.05.2011	Scan.PDF	26903

### Saka gjeld

Tildeling av fellingsløyve og fastsetting av fellingsavgift.

### Opplysningar til saka

Siste åra har det vorte tildelt og felt følgjande antal hjort i Selje kommune:

år	tildelt	felt	fellingsprosent
2000	212	162	76
2001	234	182	78
2002	259	203	78
2003	294	204	69
2004	302	230	76
2005	306	223	73
2006	272	177	65
2007	276	198	72
2008	288	213	74
2009	330	254	77

2010	333	203	61
------	-----	-----	----

Minsteareal i Selje er 800 da, med unnatak av Barmen der minsteareal er 400 da. Ved tildeling av fellingsløyve kan minstearealet fråvikast 50 %. Ut frå teljande areal til valdet kan det då tildelast maks. eit løyve pr 400 da og min. eit løyve pr 1200 da. Viltforvaltninga hos fylkesmannen anbefalar at det vert tildelt om lag 20 % kalv, 40 % hodyr og 40 % hanndyr. Det er vidare anbefalt at uttaket av ungdyr (1½ år) er på minst 40%.

Selje kommune hadde i 2010 fellingsgebyr på kr 300.- for vaksne og kr 150.- for kalv.

### **Lover/regelverk**

Viltlova med forskrifter.

### **Sakshandsamar si vurdering**

Fellingsprosent og attendemeldingar frå jegerar etter jaktseasonen 2010 viser at det er mindre hjort dei fleste plassar i kommunen no enn tidlegare år. Talet påkøyrslar av hjort er og noko redusert.

### **Konklusjon**

Det bør gjevast noko redusert tal fellingsløyve i store delar av kommunen. I høve til arealgrunnlaget i valdet vert det tilrådd å gje størst kvoter der det er mest beiteskader og størst fare for påkøyrslar.

Det vert tilrådd å halde på eksisterande fellingsavgift.

### **Saksgang**

Saka vert avgjort av Driftsutvalet.

Vedtaket kan klagast på av den som er part i saka innan 3 veker etter at vedtaket er kome fram til parten.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Det vert i 2011 tildelt 308 fellingsløyve der 66 er kalv, 122 hodyr og 120 hanndyr. Fordeling mellom hjortevalda går fram av vedlegg til saka.

Fellingsavgift for hjort i Selje vert for 2011: vaksne kr 300.- kalv kr 150.-

### **Handsaming i Driftsutvalet - 09.06.2011**

7 voterande.

Framlegg frå Krf:

Som tilrådinga med følgjande endring for Morkadal: 6 kalvar, 14 hodyr, 10 hanndyr. Totalt 30 dyr



Avrøysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 0 røyster.

Framlegg frå Krf fekk 7 røyster. Samrøystes.

**KU-034/11 VEDTAK**

Det vert i 2011 tildelt 310 fellingsløyve der 67 er kalv, 123 hodyr og 120 hanndyr. Fordeling mellom hjortevalda går fram av vedlegg til saka.

Fellingsavgift for hjort i Selje vert for 2011: vaksne kr 300.- kalv kr 150.-

Samrøystes.

Utskrift til:

Jaktvalda



# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	24.01.2011	005/11
Driftsutvalet	25.02.2011	010/11
Driftsutvalet	09.06.2011	035/11
Driftsutvalet	23.05.2011	027/11

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Merete Nerland	FA-L12	10/783

## Førespurnad om kjøp av kommunalt område på Nedre Sjøstad industriområde - Sjøstad Eiendom AS

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	07.12.2010	Sjøstad Eiendom AS	Søknad om kjøp av kommunalt område på Nedre Sjøstad - Sjøstad Eiendom AS
3	U	16.02.2011	Sjøstad Eiendom AS	Melding om vedtak - Førespurnad om kjøp av kommunalt område på Nedre Sjøstad industriområde - Sjøstad Eiendom AS
4	U	07.03.2011	Sjøstad Eiendom AS	Melding om vedtak - Kjøp av kommunalt område på Nedre Sjøstad - Sjøstad Eiendom AS
5	U	25.05.2011	Sjøstad Eiendom AS / Honningsvåg Maskin AS	Vedr. førespurnad om kjøp av kommunalt areal på Sjøstad industriområde.
7	I	31.05.2011	Sjøstad Eiendom AS	Tilbakemelding - Vedr. førespurnad om kjøp av kommunalt areal på Sjøstad industriområde.
6	I	01.06.2011	Honningsvåg Maskin AS	Tilbakemelding - Vedr. sak om sal av kommunalt areal på Sjøstad

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
18.01.2011	Vedlegg til sak 10-783.pdf	22963
01.06.2011	VS: Vedr. førespurnad om kjøp av kommunalt areal på Sjøstad	26928

	industriområde.	
01.06.2011	kjøp av Kommunalt område.docx	26929
01.06.2011	VS: Vedr. sak om sal av kommunalt areal på Sjøstad	26927

## Saka gjeld

Det er kome inn førespurnad frå Sjøstad Eiendom AS (vedlegg 1) om kjøp av areal på industriområdet Nedre Sjøstad på Stadlandet.

## Opplysningar til saka

Sjøstad Industribygg AS står i dag oppført som eigar av gbnr. 23/41 og 23/48 (jfr. web.matrikkelen). Sjøstad Eigedom AS, v/Anfinn Sjøstad, ønskjer å få kjøpe gbnr. 23/34 søraust for gbnr. 23/41 (sjå vedlegg 2). Området ønskjer dei å bruke som eit tilleggsareal til gbnr. 23/41, pga liten parkerings- og lagringsplass på denne eigedommen. Dei ønskjer å nytte tilleggsarealet til parkeringsareal for på den måten å få frigjort areal til lagerplass.

Som eit alternativ til å kjøpe arealet (gbnr. 23/34), foreslår Sjøstad Eigedom AS v/A. Sjøstad at ein kan foreta eit makebytte med gbnr. 23/48 (1850,9 m<sup>2</sup>).

Iflg. brannsjef Steinar Hatlelid har brannvesenet behov for ei tomt til å byggje ny brannstasjon på. Eit areal på Nedre Sjøstad industriområdet (td. gbnr. 23/48) kunne passet fint til eit slikt føremål.

## Sakshandsamar si vurdering

Omsøkte område (gbnr. 23/34) er regulert til industriområde med ei offentlig avkøyrsløse inn til området (vedlegg 3 og 4). Området er på 423,8 m<sup>2</sup>.

Over omsøkte område (gbnr. 23/34) er det pr. i dag opparbeida ein veg som verte nytta som tilkomst til m.a. gbnr. 23/45. Då gbnr. 23/45 vart frådelt i 1995, vart det gjort vedtak i teknisk hovudutval den 05.07.95 i sak 73/95 om at *avkøyrsløse til tomte skulle vere i tilknytning til eksisterande veg på industriområde gbnr. 23/34.*

Pga. dette vedtaket tok sakshandsamar kontakt med eigar av gbnr. 23/45 (Jarle Honningsvåg). Han ønskja ikkje å gje frå seg "vegretten" over gbnr. 23/34.

Ved å selje gbnr. 23/34 til omsøkte føremål, vil ein sperre av hovudtilkomsten til gbnr. 23/45.

## Konklusjon

Selje kommune bør ikkje selje omsøkte område (gbnr. 23/34), då det her ligg ein opparbeida veg som også verte nytta av fleire brukara av industriområdet.

## Saksgang

Driftsutvalet avgjer saka.

## TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune ønskjer ikkje å selje gbnr. 23/34.

## Handsaming i Driftsutvalet - 24.01.2011

7 voterande

Framlegg frå Driftsutvalet:

Saka vert utsett – til ein har vore på synfaring i samband med neste møte som vert halde på Furebuda, Stadlandet.

Alle berørte partar vert kalla inn til synfaring.

Avrøysting:

Framlegg frå Driftsutvalet vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå administrasjonen fekk 0 røyster.

**KU-005/11 VEDTAK**

Saka vert utsett – til ein har vore på synfaring i samband med neste møte som vert halde på Furebuda, Stadlandet.

Alle berørte partar vert kalla inn til synfaring.

Samrøystes.

Utskrift til:

Berørte partar

**Handsaming i Driftsutvalet - 25.02.2011**

6 voterande.

**Framlegg frå Driftsutvalet:**

Saka vert sendt til rådmann for å avklare juridiske spørsmål vedkommande veirett og konsekvens ved sal av kommunalt område gbnr. 23/34.

Saka går tilbake til Driftsutvalet og vidare til Kommunestyret for endeleg handsaming.

**Avrøysting:**

Framlegg frå Driftsutvalet vart samrøystes vedteke.

**KU-010/11 VEDTAK**

Saka vert sendt til rådmann for å avklare juridiske spørsmål vedkommande veirett og konsekvens ved sal av kommunalt område gbnr. 23/34.

Saka går tilbake til Driftsutvalet og vidare til Kommunestyret for endeleg handsaming.

Samrøystes.

Utskrift til:

Berørte partar

## **Handsaming i Driftsutvalet - 23.05.2011**

### **Framlegg frå driftsutvalet**

Tenesteleiar eigedom tek kontakt med Jarle Honningsvåg og gir tilbod om at kjøpesum på gbnr. 23/34 blir overført til "ny" vei nedom Stadpipe -Sjåstad eigedom. Jarle H. avgir veirett over 23/34, og benytter ny vei nedom bygg, jfr. THU sak 73/95.

Dersom dette ikkje fører fram, tilbys Sjåstad eigedom å kjøpe 23/34 med dei heftelsane (veirett) som ligg ved. – Svarfrist, settes slik at det blir endelig behandling på driftsutvalsmøte 9. juni.

Kjøpesum for 23/34 blir etter takst som for område utan heftelser.

### **KU-027/11 FRAMLEGG**

Som framlegget frå driftsutvalet.

Samrøystes.

-----  
Viser til vedlagd e-postkorrespondanse mellom Selje kommune og Sjåstad Eigedom AS og Honningsvåg Maskin AS.

## **Handsaming i Driftsutvalet - 09.06.2011**

7 voterande.

Korrigert saksgang:

Driftsutvalet - framlegg til vedtak.

Forhandlingsutvalet (rådmann, ordførar, tenesteleiar) - framlegg til vedtak

Kommunestyret gjer vedtak i saka.

### **Framlegg 1 frå Sp, Krf, Uavh.gr.:**

Driftsutvalet ber forhandlingsutvalet forhandle fram sal av gbnr. 23/34 innanfor visse rammer:

1.Avtale med Honningsvåg Maskin om fråfall av veirett – jfr. kompensasjon maks kr. 100.000.

2.Avtale med Sjåstad Eigedom. Kjøp av gbnr. 23/34 utan heftelser for ein størrelsesorden kr. 300 pr. m2.

Kompensasjonen må ikkje overstige kjøpesum.

### **Framlegg 2 frå Frp, Frittst. pol.:**

Driftsutvalet ber forhandlingsutvalet forhandle fram sal av gbnr. 23/34 innafor visse rammer:

1.Avtale med Honningsvåg Maskin om fråfall av veirett – jfr. kompensasjon maks kr. 100.000.

2.Avtale med Sjåstad Eigedom . Kjøp av gbnr. 23/34 utan heftelser for ein kjøpesum størrelsesorden kr. 300 pr. m2.

Avrøysting:

Framlegg 1 frå Sp, Krf, Uavh.gr. fekk 4 røyster

Framlegg 2 frå Frp, Frittst. pol.fekk 3 røyster

**KU-035/11 FRAMLEGG**

Driftsutvalet ber forhandlingsutvalet forhandle fram sal av gbnr. 23/34 innanfor visse rammer:

1. Avtale med Honningsvåg Maskin om fråfall av veirett – jfr. kompensasjon maks  
kr. 100.000.

2. Avtale med Sjøstad Eigedom. Kjøp av gbnr. 23/34 utan heftelser for ein størrelsesorden  
kr. 300 pr. m2.

Kompensasjonen må ikkje overstige kjøpesum.



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	09.06.2011	036/11

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Merete Nerland	FE-614, TI-&53	11/611

## Førespurnad om leige av næringsareal

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	06.06.2011	Bodil Van den Branden	Søknad om leige av eldretunkjellar Flatraket
2	U	08.06.2011	Bodil Van den Branden	Svar på søknad om leige av eldretunkjellar på Flatraket

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
08.06.2011	Teikning kjellaretasje Flatraket eldretun.pdf	27144

### Saka gjeld

Førespurnad om leige av næringsareal.

### Opplysningar til saka

Bodil Van den Branden ønskjer å leige heile eller delar av kjellaretasjen på Flatraket eldretun, som lager til deira bedrift Gammel Sjarm. Dei kan betale inntil 3000,- pr/mnd.

Kjellaren på eldretunet har tidlegare vore utleigd til næringsverksemd og barnehagedrift. Kjellaren består av 2 brukseiningar, skilt av ein brannvegg med ei branndør. Nordre eining er på om lag 75 m<sup>2</sup> medan søndre eining er på omlag 145 m<sup>2</sup> (hvorav 70 m<sup>2</sup> av disse er på eit opphøgd golv med redusert takhøyde)

### Sakshandsamar si vurdering

Dersom kommunen leig ut nordre del av kjellaren til 3.000,- pr. mnd, vil leigeprisen pr. m<sup>2</sup> bli 480,- pr. år. Leigeprisen for søndre del av kjellaren blir tilsvarande 248,- pr. m<sup>2</sup> pr. år.

Ein leigepris på 480,-/250,- pr. m<sup>2</sup> pr. år er ein forholdsvis lav leigepris for næringsareal. Det har derimot vore liten interesse for å leige det omsøkte arealet dei seinare åra. Dette kan delvis skyldast at barnehagen på Flatraket har nytta areala i perioden før den ”nye” barnehagen stod ferdig. Men også i tida før barnehagen tok dei i bruk, stod areala tomme i fleire år.

Dersom ein leiger ut nordre eining til 3.000,- pr. mnd (480,- pr. m<sup>2</sup> pr. år) så vil eigedomsavdelinga få ei bruttoinntekt på 36.000,- pr. år. Prisen bør vere ekskl. straum.

### **Konklusjon**

Gammel Sjarm bør få leige nordre eining av kjellaretasjen på Flatraket eldretun, for kr. 3.000,- pr. mnd, ekskl. straum.

### **Saksgang**

Driftsutvalet gjer vedtak i saka.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Gammel Sjarm får leige nordre eining av kjellaretasjen på Flatraket eldretun, for kr. 3.000,- pr. mnd, ekskl. straum.

Tenesteleiar ved eigedomsavdelinga får mynde til å utferdige leigekontrakt.

.....

### **Handsaming i Driftsutvalet - 09.06.2011**

7 voterande.

### **Framlegg frå Driftsutvalet:**

Som tilrådinga frå administrasjonen med fylgjande tillegg:

Ta hensyn til trafikktryggleiken i området.

Avrøysting:

Framlegg frå Driftsutvalet fekk 7 røyster.

Samrøystes.

### **KU-036/11 VEDTAK**

Gammel Sjarm får leige nordre eining av kjellaretasjen på Flatraket eldretun, for kr. 3.000,- pr. mnd, ekskl. straum.

Tenesteleiar ved eigedomsavdelinga får mynde til å utferdige leigekontrakt. Ta hensyn til trafikktryggleiken i området.

Samrøystes.

Utskrift til:

Bodil Van den Branden



